



## Notat

Dato: 04.02.2016  
Arkivsak: 2014/15940-5  
Saksbehandlar: sigaard/grothor

---

Til:	Fylkestinget Fylkesutvalet Utval for kultur, idrett og regional utvikling Utval for miljø og samferdsel Utval for opplæring og helse Administrasjonsutvalet ?
Frå:	Fylkesordføraren

---

### Behandling av oversendingsforslag - presisering av praksis

Det har kome fram at det er ulik praksis m.o.t. behandling av oversendingsforslag i politiske utval.

- Nokre utval (t.d. fylkesutvalet) oversender – med svært få unntak – dei fleste forslaga til andre utval eller fylkesrådmannen. Det går fram av forslaga kva for parti som er medforslagsstillerar, noko som viser "tyngda" av forslaga. Forslaga vert oversende utan realitetsbehandling.
- Andre (t.d. utval for kultur, idrett og regional utvikling) røystar over om forslaga skal oversendast. Berre forslag som får fleirtal vert oversende.

I dette notatet vert det presisert korleis utvala bør behandle slike forslag inntil delegasjonsreglementet er revidert.

### Dagens delegasjonsreglement

Det går ikkje klart fram av delegasjonsreglementet korleis utvala skal behandle oversendingsforslag. Dette bør drøftast i den komande revisjonen av reglementet.

I delegasjonsreglementet står det p.t. følgjande om oversendingsforslag:

- "7. Møtebok  
17. Oversendingsforslag

Oversendingsforslag er forslag som det ikkje er ønskje om å realitetshandsama i møtet, men som ein likevel ønskjer å få vurdert av enten eit anna utval/nivå eller av administrasjonen. Det skal gå fram av forslaget kven som støttar det.

Mottakar av forslaget avgjer korleis det skal følgjast opp.

Oversendingsforslag til politiske organ (t.d. frå fylkestinget til samferdselsutvalet):

Fylkesrådmannen lagar melding til utvalet der forslaget er referert. Vidare arbeid er avhengig av positiv avgjerd i utvalet.

Oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

Fylkesrådmannen vurderer forslaget og gir tilbakemelding i form av melding eller sak til organet som har oversendt forslaget."

### **Behandling av oversendingsforslag**

Inntil vidare ber eg om at oversendingsforslag vert behandla slik i utvala:

- Det går fram av møteprotokollen kven som eventuelt er medforslagsstillarar til forslaget.
- Innhaldet i oversendingsforslaget vert ikkje realitetsbehandla, men det vert røysta over om forslaget skal oversendast til andre utval eller fylkesrådmannen. Røystetala går fram av møteprotokollen. Dersom det ikkje vert fleirtal for dette, vert forslaget ikkje oversendt.

Utvalsmedlemene har høve til å omgjere eit forslag til vedtak til eit oversendingsforslag medan saka vert behandla.